



I dag kjem det asfaltdekke ved Gamleskulen.

For tida føregår det asfaltarbeid fleire stader i Uskedalen. I ettermiddag vert det lagt svart dekke utanfor Gamleskulen der det tidlegare låg treplattning. Arbeidet som føregjekk, var svært spennande for barnehageborn på veg heim så fleire la inn ein ekstrastopp der.



Leik og arbeid side om side, til glede for begge partar.

Stoppen brukte borna både til å studera dei spennande maskinane og følgja med på arbeidet. Innimellom leika dei i leikeapparata som er plassert på grøntområde der. Svært populært var det også at einskilde av asfaltarbeidarane hjelte til i leiken. Mødrene som var på henting tok ekstrastoppen med godt humør og kosa seg i finveret, dei og.

Fleire uskedalen.no har snakka med synes at det er eit svært godt tiltak at det no vert lagt asfalt på plassen. - Det var endeleg fint med treplattingen, men den vart så veldig glatt til tider. Eg har falle der, eg, når eg har gått over den på veg til butikken, fortalde ei dame, medan ei anna fortalde at ho også har vore ute i spagaten.

Det er Kvinnherad Asfalt som gjer asfalterinsarbeidet ved Gamleskulen. Dei skal også asfaltera i hovudvegen ved avkøyrsla ned til Beinavikjo når det vert klart til det der.

Siste dagane har det også vorte asfaltert ned til Eikelandet Brygge. No ligg det nylagde dekket svart og fint der!



Ny asfalt ved Eikeland Brygge.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland